**Fra:** "Eva Røyrane" <evaroyrane@gmail.com>
**Sendt:** mandag 29. september 2025 13.17.27
**Til:** "Anders Kvaløy Olsen" <ako@nve.no>
**Emne:** Kvitebergsvatnet - nokre kommentarar etter synfaringa

Hei og takk for synfaringa på torsdag. Håpar den var til nytte for dykk.

1. Bekymringa for Kvitebergsvatnet
Bekymringa for vatnet står ved lag, men erfaringa tyder på at ei nedtapping til minus 80 cm er til å leva med. Deretter blir ulempene store. Ved vurdering av lågare vasstand enn minus 80 cm, håpar me de vil be om ein grundig og uhilda konsekvensanalyse av dei biologiske tilhøva i vatnet.

2. Forslag om å leggja vassrøyret langs vegen frå Vasstigen
I brekka ned mot Slagget, der vegen er svært smal, kan det lett bli konflikt med kulturminnene, bl.a. den oppmura transportbanen som ligg i skråninga mellom vegmuren og elva.

3. Manglande informasjon
Eg viser til mail frå Ole G. Evensen 28.09.25. Me var fleire som venta på denne søknaden. Ved sjekk vart den oppdaga i ei postliste. Ingen av grunneigarane hadde høyrt noko frå Alsaker Fjordbruk då eg varsla dei tidleg i juni.
(Eg varsla alle med unntak av dei som vil selja elva.) Grunneigarane har heller ikkje etter den tid fått noko varsel frå utbyggjaren.

4. Feil informasjon
Sjå vedlegg som gjeld søknad om konsesjon for sal av elverettane i Hytteelva.
I pkt.15 skriv dei «... Alsaker Fjordbruk A/S har vassdragskonsesjon frå NVE med løyve til uttak av vatn, og er regulant i Kvitebergsvatnet…..»
Visste dei ikkje at konsesjonen dei fekk i 2016 gjekk ut i 2019??

Lukke til med den vidare behandlinga! Me kryssar fingrane og håpar det beste for Kvitebergsvatnet.

Beste helsing
Eva Røyrane
grunneigar 21/7

16/2

Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta

# Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom etter konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98

Det er eit krav at du nyttar dette skjemaet når du søker om konsesjon

Søknaden skal sendast til kommunen der eigedomen ligg

Tøm skjema

**Før du fyller ut, bør du undersøke om overtakinga er konsesjonsfri, jf. rettleiinga på side 3 og 4**

**Til ordføraren i** Kvinnherad kommune
(kommunen der eigedomen ligg)

Søknad om konsesjon skal sendast til ordføraren der eigedomen ligg innan fire veker etter at avtalen er inngått eller overtakaren har fått rådevelde over eigedomen. På side 3 skal du gjere greie for viktige tilhøve som ikkje går fram av svara som er gitt på spørsmåla i felta 1-22. Skøyte, kjøpekontrakt, leigekontrakt eller annan avtale og dessutan takst skal leggast ved i original eller stadfest avskrift dersom det fins slike dokument. Gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal skogbruksplan leggast ved, dersom det fins ein slik plan.

| | | | |
|---|---|---|---|
| 1 | Namnet på søkaren (slektsnamn, føre- og mellomnamn)<br>Ølve Bruk AS | | Fødselsnr. (11 siffer) |
| 2 | Adresse<br>Skarvatunvegen 38, 5637 Ølve | | Organisasjonsnr. (9 siffer)<br>989878344 |
| 3 | Telefonnr. (8 siffer)<br>99210109 | E - postadresse<br>kristian.rasberg@fjordbruk.no | |
| 4 | Namnet til overdragaren<br>Marie Johanne Tufta | | Fødselsnr. (11 siffer)<br>[redacted] |
| 5 | Adresse<br>Skarvatunvegen 171, 5637 Ølve | | Organisasjonsnr. (9 siffer) |
| 6 | Nemninga på eigedomen/-ane eller retten/-ane (namn, gnr., bnr., festenr. e.l.)<br>Vassdragsrett og elvegrunn (Hytteelva, Ølve). Vassdragsrett av 16/2: 89,7%, og elvegrunn av 16/2: 50% | | |
| 7 | Kjøpesum/leigesum pr. år (ved arv eller gave skal ein føra opp påreikna verdi)<br>Vassdragsrett: [redacted] ,- \| Elvegrunn: [redacted] | Kår av 5-årleg verdi | Kjøpesum for lausøyre |
| 8 | Kommune<br>Kvinnherad | Fylke<br>Vestland | |
| 9 | Arealstorleik<br>Elvegrunn: Ca 750 m2 (50%) | Korleis arealet fordeler seg på dyrka jord, produktiv skog og anna areal<br>Vatn, anna markslag | |
| 10 | Viss det ligg føre ein skogbruksplan, før opp fordelinga på hogstklasse I-V, bonitet og balansekvantum for produktiv skog<br>Ikkje relevant for retten eller eigedomen. | | |

**Bygningar som står på eigedomen i dag (bustadhus, hytte, driftsbygning, forretningsgard, industri o.l.)**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 11 | Bygning (type) | Grunnflate i m² | Byggeår | Kor mange etasjar | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
| | Bygning (type) | Grunnflate i m² | Byggeår | Kor mange etasjar | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
| | Bygning (type) | Grunnflate i m² | Byggeår | Kor mange etasjar | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
| | Bygning (type) | Grunnflate i m² | Byggeår | Kor mange etasjar | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
| | Bygning (type) | Grunnflate i m² | Byggeår | Kor mange etasjar | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
| | Bygning (type) | Grunnflate i m² | Byggeår | Kor mange etasjar | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
| | Bygning (type) | Grunnflate i m² | Byggeår | Kor mange etasjar | Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg) |
| | Andre bebygningar | | | | |

Med sikte på å redusere verksemdene sine oppgåveplikter, kan opplysningane du gir i dette skjema i samsvar med lov om Oppgaveregisteret §§ 5 og 6, heilt eller delvis bli nytta òg av andre offentlege organ som har heimel til å innhente dei same opplysningane.
Opplysningar om eventuell samordning kan du få ved førespurnad til Oppgaveregisteret på telefon 75 00 75 00.

versjon 1.2 - 25.08.2017



| | |
|---|---|
| 12 | Rettar som ligg til eigedomen eller som er avtala i samband med overdraginga<br>Vassdragsrettar og elvegrunn i Hytteelva, Ølve. Medfølgande rettar omkring infrastruktur og røyrgate. |
| 13 | Eig eller leiger søkaren, ektemaken hans/hennar eller borna hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i kommunen?<br>☒ Ja ☐ Nei<br>I tilfelle kva for eigedomar?<br>16/14, 16/21 langs med, og nedstraums av, Hytteelva i Ølve. |
| 14 | Eig eller leiger søkaren, ektemaken hans/hennar eller borna hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i andre kommunar?<br>☐ Ja ☒ Nei<br>I tilfelle kva for eigedomar? |
| 15 | Gjer greie for korleis eigedomen blir nytta i dag (gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal ein gjera greie for drifta av eigedomen)<br>Søkjar Ølve Bruk AS har, gjennom konsernet Alsaker Fjordbruk AS, vassdragskonsesjon frå NVE med løyve til uttak av vatn, og er regulant i Kvitebergsvatnet. Verksemda har leigd vatnet til si drift ved Slagget 16/21 (og 16/14) sidan 1984, med fornying av avtalar i 1999 og 2010. |
| 16 | Kva planer har overtakaren for bruken av eigedomen?<br>Å gjera seg nytte av vatnet til næringsføremål. Søkjar inngår i eit konsern som driv havbruksverksemd, og har behov for uttak av vatn til ulike føremål, herunder bl.a. smoltproduksjon. Kjøpet av vassdragsrettar og elvegrunn avløyser gjeldande leigeavtale, og gjev Ølve Bruk AS langsiktige og føreseielege vilkår kva gjeld tilgong på vatn. |
| | **Særskilt for jord- og skogbrukseigedomar (landbrukseigedomar)** |
| 17 | Ved overtaking av tilleggsjord skal ein her føra opp gnr. og bnr. på den eigedomen søkaren eig frå før<br>Ikkje relevant. |
| 18 | Kvalifikasjonane til søkaren (teoretisk og/eller praktisk røynsle frå jord- og skogbruk) |
| 19 | Vil søkaren forplikta seg til å busette seg på eigedomen innan 1 – eitt – år og sjølv bu på eigedomen i minst 5 – fem – år samanhangande?<br>☐ Ja ☐ Nei Ikkje relevant.<br>☐ Eg søker konsesjon fordi eg ikkje skal busette meg på eigedomen, jf konsesjonslova § 5 annet ledd |
| 20 | Har overdragaren annan fast eigedom i kommunen som ikkje følger med i overdraginga?<br>☒ Ja ☐ Nei<br>I tilfelle kva eigedomar? (gnr./bnr./fnr. o.l)<br>16/2 og 16/3-4, og 25% av 39/15 og 39/3.<br>Overdraginga gjeld kun vassdragsrettar og elvegrunn som nemnt i punkt 6 og 9. |
| 21 | Er det fleire søkarar, skal det opplysast om søkarane er gifte eller sambuarar |

**22. Underskrift**

| | |
|---|---|
| Dato<br>14.07.2023 | Underskrifta til overdragaren<br>Marie Johanne Tufta.<br>MARIE JOHANNE TUFTA |
| Dato<br>10.07.2023 | Underskrifta til søkaren |

Desse skal ha melding om avgjerda<br>Ølve Bruk AS v/ Kristian Råsberg<br>Marie Johanne Tufta

Helge M. Nesse

Oversyn over vedlegg til søknaden<br>1. Kjøpekontrakt

Skjemaet er tilgjengeleg på www.landbruksdirektoratet.no. Spørsmål om utfylling rettast til kommunen.

versjon 1.2 - 25.08.2017

LDIR-359 N

Landbruksdirektoratet - Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom etter konsesjonslova av 28. november 2003 nr. 98

Side 2 av 4


Eva Røyrane
journalist og kulturformidlar
99523087
eva.royrane@gmail.com
Ølvesvegen 682
5637 Ølve